



Møteinnkalling

Utval: Fitjar sokneråd

Møtestad: Kyrkjestova

Dato: Onsdag 25. september 2019

Tid: Kl. 18.30

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Innkallinga er sendt til:

Namn	Funksjon
Sigrid Marie Fangel	Leiar N.B. Ord for dagen
Rasmus Fitjar	Nestleiar
Helga Olsen Aadland	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Gunvald Aarbø	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Roald Drønen	Sokneprest
Sigurd Andre` Maraas	Kommunal representant
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Svein Arne Theodorsen	Vara for soknepresten
Agnar Aarskog	Vara for kommunal representant

Fitjar, 20. september -2019

Sigrid Marie Fangel

Harald Rydland

Soknerådsleiar

Kyrkjeverje

Sakliste:

Saksnr. Tittel

**Sak for kommunal
representant**

Saksnr.	Tittel	Sak for kommunal representant
S-34/19	Revisjonsmelding og disponering av overskot	X
S-35/19	Permisjon for kyrkjeverja	X
S-36/19	Vikar for kyrkjeverja	X
S-37/19	Referat frå sist møte	X
S-38/19	Meldingssaker	X
S-39/19	Open post	X
S-40/19	Evaluering av soknerådsvalet	
S-41/19	Arrangement i kyrkja sin regi	



Sak 34/19: Revisjonsmelding og disponering av overskot for 2018

Soknerådet har tidlegare hatt sak om rekneskapet for 2018. Rekneskapet er no endeleg avslutta og revisor har gått gjennom det. Rekneskapet viser eit resultat på kr. 449.044,-. Elles er det i rekneskapet ein udekka sum for finansiering av investeringar som gjeld eigenkapitalinnskot i KLP på kr. 8.867,-. Det er opp til soknerådet korleis dei vil disponera resultatet og dekkja investeringane.

Aktuelle måtar å disponera resultatet på kan vera å overføra det til øyremerkte fond, investeringar eller disposisjonsfond.

Meir informasjon om revisjonsmeldinga og rekneskapet vert lagt fram i møtet

Framlegg til vedtak:

Fitjar sokneråd godkjenner rekneskapet for 2018 som er gjort opp med eit overskot på kr. 449.044,-.


Overskotet vert disponert slik:

Avsett til eigenkapitalinnskot i KLP, kr. 8.867,-

Avsett til fond for ungdomsarbeid, kr. 57.791,-

Avsett til disposisjonsfond kr. 382.386,-

Sak 35/19: Permisjon for kyrkjevevja (Ikkje offentleg)




Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert lagt fram i møte.



Sak 36/19: Vikar for kyrkjevevja (ikkje offentleg)





Framlegg til vedtak:



Sak 37/19: Referat frå sist møte

Referatet frå møte den 14. august vart etter møtet sendt til medlemane for godkjenning. Det endelege referatet er etter godkjenningsprosessen lagt ut på kyrkja si heimeside.

Framlegg til vedtak:

Soknerådet stadfester referatet frå møte den 14. august 2019.

Sak 38/19: Meldingssaker

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Rekneskap for første halvår 2019
2. Prostdag på Bremnes 24. oktober
3. Stabssamling
4. Lunsjseminar den 31. oktober
5. Søknad om støtte til lunsjseminar

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Sak 39/19: Open post



Sak 40/19: Evaluering av kyrkjevalet

Kyrkjevalet, som vart halde den 9. september, vart avvikla på korrekt vis i forhold til reglane som gjeld for slikt. Oppslutnaden om valet gjekk mykje ned frå sist, utan at ein kan sei kva som er årsaka til det. Elles er det ein del som gjeld den praktiske gjennomføringa, både når det gjeld førehandsrøysinga og valtinget, som heilt sikkert kan gjerast betre. Dette kan det vera greitt om soknerådet tek ein gjennomgang på.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka

Sak 41/19: Arrangement i kyrkja sin regi

Sidan sist møte har det vorte halde fleire arrangement i kyrkja sin regi, slik som gudstenester, konfirmantsamlingar, trusopplæring, temakveldar, kyrkjelege handlingar m.m. Det kan vera greitt om soknerådet tek ei lett evaluering av desse arrangementa.

Framover skal det gjennomførast fleire arrangement der soknerådet bør sjå om alt er på plass for at ein skal få avvikla arrangementa på ein god måte.

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka